



MS Amadea passerer Uskedalen

**Ved 18-tida i kveld gjekk cruise-skipet MS Amadea for sakte fart gjennom Storsundet undervegs frå Rosendal til Fjærland i Sogn.**

**Etappen inngår i ein**

**13 dagers tur gjennom norske fjordar for ein båt som er staseleg å sjå og som må reknast som middels stor med sine 28.800 tonn og passasjerkapasitet på 624 personer. Han er no registrert i Nassau på Bahamas, men har ei japansk fortid.**

Skipet vart bygt i 1991 i Nagasaki og var i japansk eige og drift fram til det vart seld til den noverande eigar Amadea Shipping Company. Men no har det tyske selskapet Phoenix Reisen chartra båten og han opererer ut frå Bremerhaven.

Han har heile verda som operasjonsområde og har ivinter vore i Australske farvatn går det fram av loggen.

Standarden er tydelegvis rimeleg høg. Amadea har to koingelege og 40 'vanlege' suiter medan talet på vanlege lugarar er 204. Omtrent halvparten av dei har eigen balkong.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen